



Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/339 - 16/35008

Saksbehandlar:
Trude Langedal
trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:
22.12.2016

Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen, referat frå møte i styringsgruppa 29.11.2016

Stad og tid: Kantina i rådhuset, tysdag 29.november 2016, kl. 12:00-16:00

Til stades frå styringsgruppa: Ståle Juvik Hauge, Espen Aakre, Jørgen Herland, Bent Risøy, Sæbjørg Hageberg Kjeka, Malin Knudsen, Nina Øverås, Oddvar Øverås, Ingrid Fjeldsbø

Forfall: Hogne Brunborg, Andreas Dyngen, Anita Høgquist, Karl Vågstål

Til stades frå administrasjonen: Frøydis Ones, Hilde Christine Ulvik Hauge, Terje Villanger, Trude Langedal

Dagsorden for møtet var:

- Folkehelse, v/ Hilde
- Tilrettelegging for gang/sykkel, v/ Trude
- Plantema, gjennomgang av målformulering, v/ Trude

Folkehelse, v/ Hilde Christine Ulvik Hauge

Folkehelsearbeid må bygge på at alle samfunnssektorar og forvaltningsnivå – politiske, administrative og fagleg – følar eit ansvar for å fremje folkehelsa. Gjere sunne val enklare. I Lindås kommune er helsetilstanden i befolkinga generelt god, men det er skilnad i levekår og livsstil. Kommunen har to hovudutfordringar der det finst påverknadsfaktorar som kommunen rår over. Blant vaksne ser vi livstilsjukdomar som overvekt, hjarte- og karsjukdom og diabetes type 2. Unge strever med psykiske plagar, einsemd, og fleire strever med læringsutbytte i skulen.

Folkehelse må puttast litt inn i alle tema i planen. Viktig at vi får samsyn på kva folkehelse er for oss i denne planen.

Oppsummering:

- Folkehelsearbeid er ei samfunnsoppgåve
- Målet er gode levekår for alle!
- Faktorar som verkar inn på helse ligg i hovudsak utanfor helsesektoren
- Folkehelseperspektivet skal inn i alle forvaltningsnivå og sektorar, og ivaretakast i all politikktutforming

Tema som vart teke opp i samband med presentasjonen:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Sjølv om ikkje innbyggjarane skårar så godt på organisert aktivitet så er det mange som går turar, vert dette teke med i statistikken? Svar ; Veit at på sjølvrapportering så rapporterer folk meir enn dei verkeleg gjer. Viktig å etablere fleire turstiar og leggje til rette for fysisk aktivitet, ikkje berre idrettshallar.
- Fritidsaktivitet, mange i bygdene har problem å komme til og frå. Organisere henting / bringing for at folk skal komme seg ut.
- Brekkeløypa; skulle hatt ÅDT teljing for å dokumentere kor mange som brukar den
- Det er behov for å bevisstgjere gå- og sykkelavstandar for folk, eksempel i Bergen er det vist på busshaldeplassar kor langt du kjem dersom du går i 5 eller 10 min.
- Spørsmål om helse; korleis har dei nyare trendane for helse endra seg? Svar; ein er meir bevisst på å måle psykisk helse, også frisklivsentralar. Einsemd har vore stabilt over fleire år. Psykisk uhelse blant ungdommar er eit aukande problem.
- Korleis er det med utjamning av sosiale helseforskjellar? Svar; ha fokus tidleg, også når foster er i mors liv. Men også tiltak som slår ut bredt, t.d leksehjelp har vist seg å være pluss for dei «sterkaste» elevane.
- Kva ligg i likestillast? Dette er vanskeleg å måle. Svar; få ned stigma og gje det merksemd. Psykisk og fysisk helse påverkar kvarandre.
- Frivillig arbeid, er det eksempel på korleis det kan brukast? Er det ein oversikt, eit samlingspunkt i kommunen? Svar; Ja, frivillig arbeid er veldig viktig. Frivillighetssentralen er også eit sosialt fellesskap der folk kan være med å bidra og bruke ressursane sine. Mange driv med aktivitetar fordi det er der dei har det sosiale.
- Det er mange som brukar Brekkeløypa, men det er et fenomen når folk køyrer bil for å gå i Brekkeløypa. Korleis skal vi greie å leggje til rette for endra holdningar i ein plan?
- Turstiar; leggje til rette for både grusa turstiar og stiar i terrenget. Forskjell på å bevare ein sti og leggje til rette for ein turveg. Td. Hillandsvatnet er eit flott område med få brukarar. Kvifor veljar ikkje folk å gå dit? Bør det leggest til rette for turvegar i større grad? Og Strandstien er viktig å få på plass i dette planarbeidet.
- I tillegg til å leggja til rette må folk bevisstgjerast, det finns mange turstiar, alt må ikkje tilretteleggast.
- Lindåskartet må opp graderast med turstiar, Innspel; det er på gang oppgradering med nasjonal standard av merking av vanskelegheitsgrad, avventar diskusjon på om kva stiar som skal inn i kartet.

Gang – og sykkelveg, v/ Trude Langedal


Lindås er ein typisk privatbilkommune, utstrakt og med lange avstandar. For dei som ikkje bur i senterområda er folk avhengig av bil til daglege gjeremål. Regionsenteret er svært godt tilrettelagt for bil, og sentrum er prega av internkøyring og store parkeringsplassar. Me får det me legg til rette for, legg me til rette for bil bruker fleire bil. Sjølv om kommunen har store avstandar og mange må bruke bil, er det mange bilreiser som er kortare enn 5 km innanfor KDP – området. Potensialet for å auka gang-og sykkelbruken i regionsenteret m/ omland er betydeleg. I tillegg til fysisk infrastruktur er det mange tiltak som påverkar om folk vel å gå/sykle eller køyre bil. Ein god del av infrastrukturen er allereie på plass innanfor planområdet, det kan være andre tiltak som; oppgradering, nye koplingar, betre vedlikehald, sykkelparkering under tak nær inngang og lyssetting mv, som skal til for at fleire går og sykklar, i tillegg til vidare utbygging av infrastrukturen.

Tema som vart teke opp i samband med presentasjonen:

- Fleire meinte Knarvik sentrum var godt tilrettelagt for fotgjengarar med undergangar under E 39 og opparbeida fortau, mens andre opplever Knarvik som ein stad der bilen har prioritet og det er mindre triveleg å gå.
- Gymnasbakken vart trekt fram som trafikkfarlege og bakken ned til Isdalsstø som bratt og trafikkert og lite attraktiv for mjuke trafikantar.
- Å få fleire til å gå og sykla krev ei haldningsendring. Viktig å starte når ungane er små for å etablera gode vaner.
- Fleire stader har ein god erfaring med gåande skulebuss, der ein vaksen følgjer ei gruppe barn til skulen innanfor ein avstand på inntil 2 km. Eit slik tiltak ville kunne redusert køyring til barneskulen i Knarvik betrakteleg.
- Mogleg ein skal legge til rette for ei sonedeling av planområdet når det gjeld tilrettelegging for gange/ sykkel; nærområdet til Alversund, nærområdet til Knarvik og innafor regionsenteret Knarvik.
- Kopling mellom kollektiv og gange/sykkel viktig, må være mogleg å td. sykla på jobb og ta bussen heim. Ta sykkel på bussen heim? Treng meir effektivt kollektivtilbod.
- Kombinasjon ringbuss og gang/sykkelveg, der berre ringbuss kan køyre. Ein tidlegare ide som ikkje er gjennomført.
- Dersom skulevegen er trygg nok vil barn sykle. Innspel adm; eks frå 404, gradvis utbygging av området utan fortau gjer det utrygt å ferdast langs vegen og dei som bur der må køyre ungane til alle aktivitetar sjølv om ikkje avstandane er store.
- Gjennomføring av dyre samferdsleprosjekt er også avhengig av at det bur nok folk langs strekninga samt potensiale for fleire bustader.

Avgrensing av planområdet

Kart med revidert planavgrensing vart presentert. I framlegget er planområdet er redusert betydeleg i omfang i høve til den som vart presentert i styringsgruppemøtet 18. oktober. Planområdet er berre utvida for å ta med større del av friluft- og turområda i Knarvik og Alversund, medan området utover langs fv. 404 ikkje er teke med.



Innspel til planavgrensinga

- Treng å ta med området ut til Fosse, men leggja inn markagrense her for å ikkje få press i områder der me ikkje ønskjer utbygging. Ønskjer avgrensing ut til Fossevegen, kunne ønskt Vassberget også for å bevare eit viktig område. Innspel adm; det er med bakgrunn i at kommuneplanen sin arealdel skal rullerast ikkje så langt fram i tid at det er valt ei strammare planavgrensing.
- Kvamsfjellet bør være med, men det ikkje ønskeleg med stor bustadutvikling langs fv 404. Det er for langt for å kunne gå-og sykle.
- Markagrensa må ikkje føre til for snever avgrensing av «byen».
- Det vart etterlyst ei oversikt over kor mange potensielle tomter det er igjen innanfor planområdet, adm. Utarbeider denne til neste møte.
- Forslag om å presentere to forslag til planavgrensingar til neste møte i styringsgruppa, og evt ta begge med i planprogrammet.

Tema for planarbeidet v/ Trude Langedal

Det vart presentert målformulering for planarbeidet innan følgjande tema; 1. bustad, 2. gang-, sykkel og kollektiv, 3. blå – og grønne strukturar, 4. sjø – og kystlinje, 5. næring, 6. landbruk, 7. sosial infrastruktur og 8. overordna infrastruktur.

Tema som vart teke opp etter presentasjonen:

- Under tema bustad vart det spørsmål til formuleringa «*støtta opp om Knarvikplanen og ikkje leggje til rette for store nye bustadområde*»:
 - o ønskjer vi ikkje bustader utanfor Knarvik? Må ikkje stagnere.
 - o Bør det stå; ikkje legge til rette for store nye *sentrumsnære* bustadområde?
 - o Viktig at det ikkje vert for mange nye bustadområde, kostnadsdrivande
 - o Det er ikkje mykje tomteareal igjen i Knarvik, må sikra seg areal for framtida, kan ikkje støtta «ikkje nye bustadareal». Mangel på bustadareal vil føre til fortettingspress. Vekst og fortetting, setja mål for kva fortetting vi vil ha og kva kvalitetar vi vil ha i bustadområda.
 - o Status på kor mange bueiningar som er regulert og ikkje bygd ut innanfor KDP- området må utarbeidast som grunnlag for å vurdere kva behov me har for nytt bustadareal.
- Tema landbruk; endre målformulering til «*Kommunedelplanen for Alversund og Knarvik har som mål å om mulig ta vare på all fulldyrka og overflatedyrka jord innanfor planområdet. Planen skal så langt det er mulig skjerme beiteområda og kulturlandskapet mot nedbygging*»
- «*Styrkja og vidareutvikla nærsenteret Alversund*»; einig i målformuleringa, det må leggjast til rette for at folk skal kunne bu i nærområdet sitt når ein må skifta bustad/ må på institusjon eller omsorgsbustad. Nærleik til tenester og butikk er viktig.
- Overordna infrastruktur, KDP for ny E39 – val av ny trasé for E39 er svært viktig for vidare utvikling av regionsenteret og omland. Utfordrande at trasévalet ikkje vert avklart tidleg i planprosessen med KDP. Ønskjer E39 ut av Knarvik sentrum med kopling mot fv. 57. Må sjå på «lokalvegen» fv 57 Knarvik –Isdalsstø i dette planarbeidet.
- Naust i LNF tema KDP, ein må kunne vedlikehalde/bygge opp at eksisterande naust, anten ved å teikne alle naust inn i plankartet eller sikre dette i føresegnene (liste opp alle gbnr)

Med helsing

Trude Langedal
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
A3_Alt_Plangrenser